

Bøna

Tekst: Elisabeth Moldestad 2007

Melodi: Ragnar Bull 2007

C Am Dm G7 Am F D7 G

Eg har ein som kan for-stå, ein som ser og skjø - ner

Am Em F C C Dm G7 C

5
alt eg går og ten - kjer på, al - le mi - ne bø - ner.

2. Eg kan seia høgt og fritt
det eg går og gøymer.
Han har tid til hjarta mitt,
høyrer det eg drøymer.

3. Når eg kjem og bankar på,
smilar han og bed meg
inn til seg så eg kan få
skattar han vil gje meg.

4. Han gjev ikkje gull og sølv,
han har betre gåver.
Tenk, han gjev meg av seg sjølv,
– kjærleiken renn over.

5. Han er ikkje berre min,
kom, så vil du skjøna,
himmelskatten, dyr og fin,
ventar deg i bøna!